



Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap

Vår ref.  
13/46/FA - M00, TI -  
&85/34/70258820

Dykkar ref.

Dato:  
17.02.2017

## Melding om vedtak: Strategi for ÅRIM - Uttale frå Norddal kommunestyre

### Norddal kommunestyre gjekk i møte 16.02.2017 samrøystes inn for slik uttale:

Representantskapet i ÅRIM har vedteke å legge forslag til ny strategi ut på høyring med uttalefrist 20.02. 2017. Ny strategi skal vedtakast av på møte i april 2017. Den nye strategien har fem hovudsatsingsområde:

1. Meir avfall til materialgjenvinning og gjenbruk
2. Meir effektiv innsamling og betre lokalmiljø
3. Mindre avfall - meir gjenbruk
4. Betre kommunikasjon
5. Evaluering og vidareutvikling av ÅRIM sin organisasjon

Norddal kommunestyre vil gi slik fråsegn til forslaget:

Kommunestyret vil på generelt grunnlag uttale at strategien er offensiv og målretta og fangar opp viktige miljømål og miljøføringar i samfunnsdebatten. Kommunestyret har ingen avvikande synspunkt på forslaget når det gjeld *satsingsområde 2-5. Under satsingsområde 1 – Meir materialgjenvinning og gjenbruk*, foreslår ÅRIM at ein skal innføre ei ny kjeldesorteringsløyning, inklusive kjeldesortering av matavfall. Dette er grunnlagt med at ÅRIM sine prestasjonar er svake sett i ein nasjonal samanheng.

Norddal kommunestyret er sterkt i tvil om tida er moden for innføring av kjeldesortering av matavfall. P.t. finst det ikkje eit nasjonalt pålegg om ei slik ordning. Ei eventuell innføring vil føre til auka gebyr og til fleire avfallsfraksjonar som krev meir plass, større krav til logistikk og nye innsamlingsrutiner. Mange abonnentar føler at ordninga med sentralisert innsamling alt har blitt svært kostbar og kan kome til å reagere negativt på ytterlegare påslag på rekninga. Vidare er kommunen som medeigar i Taffjord kraftselskap og medeigar i forbrenningsanlegget på Grautneset som i dag fungerer godt og som er avhengig av eit visst volum for å ha balanse i drifta. Dersom ÅRIM bestemmer seg for å skilje ut matavfall, vil det bli behov for å etablere regionale anlegg for behandling av våtorganisk avfall. Det vil vere nok eit kostnadsdrivande tiltak som kan må betalast med høgare gebyr.

Etter ei samla vurdering av både økonomiske og miljømessige aspekt, meiner Norddal kommunestyre at ÅRIM skal vente med innføring av kjeldesortering av matavfall til det

eventuelt kjem eit nasjonalt pålegg om ei slik ordning – eller til konsekvensane for «konkurrerende anlegg» er betre kartlagde.

Med helsing

Bente Klakken Osvik  
konsulent

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.*

Kopi til:  
Hilde Dyrkorn  
Yngve Hovden